

Delårsrapport 3. kvartal 2024



Resultat

Aktivitetsnivå


Kapital og likviditet



- 4,5 mill bedre resultat e. skatt enn i fjor
- Auka tapsavsetnader
- Stabil rentenetto 2,37 %



- Auka etterspurnad etter lån
- 12 mnd. vekst i utlån 4,79 %
- 12 mnd. vekst i innskot 5,02 %



- God likviditetssituasjon. LCR på 385 %
- Rein kjernekapital 18,61 %
- NSFR på 136

Delårsrapport 3. Kvartal 2024

Ørskog Sparebank oppnådde eit resultat etter tap og skatt på 31,1 mill. kr. pr. 30.09.24. Dette er 4,5 mill. kr. betre enn pr. 30.09.2023. Banken sine totale utlån inkludert Eika Boligkreditt syner det siste året ein auke på 4,79 % og er framleis prega av litt lågare aktivitet i marknaden siste kvartal. Rentenettoen ligg stabilt på 2,37 %. Den underliggende bankdrifta er solid og banken sin marknadsposisjon er sterk. Banken sin balanse syner ei rein kjernekapitaldekning på 18,61 %.

Resultatrekneskapan

Kvartalsrekneskapan er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova av 17. juli 1998 og forskrift om årsrekneskap i bankar m.v. og banken nyttar rekneskapspråket IFRS.

Ørskog Sparebank har pr. 30.09.2024 eit resultat etter tap før skatt på kr. 40,7 mill. Resultat etter tap før skatt var pr. 30.09.2023 på kr. 34,1 mill.

Resultat etter tap og skatt er pr. 30.09.2024 kr. 31,1 mill., samanlikna med kr. 26,6 mill. kr. året før.

Etter at utbytte frå Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS er fastsett i generalforsamlinga og utbetalt er aksjekursane justert, og den nye verdsettinga gir eit kurstap over utvida resultat. Det utvida resultatet enda difor på 26,4 mill. kr. samanlikna med 24,9 mill. kr. for tilsvarende periode i 2023.

Ørskog Sparebank eig 73,91 % av Sjøholt Næringsbygg AS som igjen eig næringsbygget i Sjøholt sentrum. Selskapet er eit eigedomsselskap med ein langsiktig leigeavtale med Ålesund kommune. Datterselskapet har ingen tilsette og selskapet si verksemd er vurdert som ubetydeleg i banken sin rekneskap. Det er difor banken sine tal som er kommentert i kvartalsrapporten. Konserntal er tatt med i dei notane der det er aktuelt.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Netto rente og kredittprovisjonsinntekter vart kr. 65,8 mill. noko som er høgare enn pr. utgangen av 3. kvartal 2023 (kr 60,2 mill). Dette utgjer 2,37 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK), mot 1,94 % i fjor. Rentenettoen har styrka seg dei siste 12 månadane grunna auka marknadsrenter og re-prising av portefølja med lån og innskot.

Norges Bank varslar rentekutt i løpet av 2025. Det er framleis usikkerheit i marknaden, og den svake krona vil truleg verke inn på rentebana framover.

Med basis i banken sin samansetning av innskot og marknadsfinansiering ventar styret i banken at fallande styringsrente vil svekke banken sin rentemargin noko.

Provisjonsinntektene er kr. 14,2 mill. mot kr. 13,8 mill kr. pr. 30.09.2023. Banken har i 2024 erfart ein skjerpa konkurransesituasjon innanfor forsikringsområdet, og provisjonsinntektene frå forretningsområdet er svekka.

Driftskostnader

Driftskostnadene aukar med kr. 0,8 mill. og utgjer kr.38,7 mill. mot kr. 37,9 mill. i fjor. Målt i høve til GFK er kostnadene 1,40 % mot 1,45 % i fjor. Kostnader i % av totale inntekter (korrigert for verdiutvikling på verdipapir) utgjer 49,38 % pr. 30.09.2023 mot 51,66 % pr. 30.09.2023.

Banken erfarer prisstigning på innsatsfaktorar i heile leverandørkjeda, og dette bidreg til auka kostnadar for banken. Kostnadsveksten er også knytta til auke i løner grunna lønsoppgjering. Styret er opptatt av kostnadsutviklinga, og fokuserer på at banken skal ha ei effektiv og god drift.

Tapskostnad

Bokførte tap på utlån og garantiar per 3. kvartal 2024 utgjer kr. 1,9 mill. mot kr. 6,2 mill. same tidspunkt i fjor. Dette utgjer 0,06 % av brutto utlån (0,20 %). Banken gjer løpande vurderingar av dei einskilde låneengasjementa i banken, og det er netto effekten av både inntektsføring av tidlegare tapsavsetnader, og nye tapsavsetnader som kjem fram i beløpet. I tillegg til ein reduksjon i modellutrekna tapsavsetnader i steg 2 gjennom siste året bær tapskostnaden preg av nokre få auka individuelle tapsavsetnader i steg 3.

Styret har vurdert samansetjinga av banken si utlånportefølje grundig, og ein forventer at framtidige kredittap – gitt dei føresetnadane som er lagde til grunn – vil bli moderate.

Balansen

Forvaltningskapitalen utgjør kr. 3.777 mill. mot kr. 3.571 mill. på same tidspunkt i fjor, tilsvarande ein vekst på 5,8%.

Utlån

Banken sine totale utlån inkl. Eika Boligkreditt AS, utgjør til saman 4.238 mill. kr. noko som er ein auke på kr 193,6 mill. siste 12 månader. Dette tilseier ein vekst på 4,79 %.

Brutto utlån til kundar på eigen balanse er ved utgangen av 3. kvartal på kr. 3.243 mill., ein auke på 177 mill. kr. (+ 5,8 %) frå i fjor på same tidspunkt. Lån til personmarknaden utgjør kr. 2.525 mill. og lån til bedriftsmarknaden inkludert landbruket utgjør kr. 721 mill. Andel lån til bedriftskundar inkludert landbruk utgjør 22 % av banken sine utlån i eigen balanse som er likt med andelen på same tid i fjor.

Banken erfarer ein balansert og lønsam vekst frå både personkunde- og bedriftsmarknaden, i all hovudsak frå kundar i bankens strategisk definerte marknadsområde.

Utlån finansiert i Eika Boligkreditt AS er ved utgangen av 3. kvartal på kr. 991,3 mill., ein auke på kr. 18,9 mill. frå same tidspunkt i fjor.

Banken har iverksett tiltak for å auke utlansveksten, og ventar effekt av desse tiltaka allereie i 4. kvartal. Mellom anna er bemanninga auka.

Kredittforringa kundar

Banken har framleis eit lågt omfang av lån i restanse og overtrekk. Pr. 30.09.2024 er det låneengasjement som utgjør kr 6,5 mill kr. i låneevolum som står i restanse meir enn 90 dagar. I prosent av totale utlån utgjør dette 0,16 %.

Volumet av kredittforringa kundar har vore stabilt dei siste 12 månadane trass i dei makroøkonomiske konsekvensane av eit høgare rentenivå og den høge prisveksten.

Banken sin kredittpolicy, kompetente rådgjevarar og tett oppfølging av kundemassen er viktige forklaringar til det låge volumet. Styret er nøgd med porteføljekvaliteten og det arbeidet banken legg ned for å overvake kredittrisikoen.

Likviditet og innskot

Banken har ein likviditetsstrategi som gir grunnlaget for samansetnaden av innlån og

forfallsstrukturen. Likviditetsstrategien med forfallsstruktur blir følgt tett, og likviditetssituasjonen til banken er god.

Banken har midlar disponibelt på konti i bankar, unytta trekkrettigheter, ei likvid obligasjonsportefølje og lånemoglegheiter i Norges Bank. Saman med ei god spreiding i forfallsstrukturen, vurderer styret likviditetsreserven for å være god.

Banken sine innskot har auka med kr. 131,5 mill. siste 12 mnd., og utgjør no kr. 2.749 mill. Dette er ein auke på 4,9 %. Innskotsdekninga er på 84,69 % pr. 30.09.2024 mot 85,23 % pr. 30.09.2023.

Verdipapir

Banken si portefølje av aksjar, eigenkapitalbevis og fondsandelar utgjør kr. 118,2 mill. pr. 30.09.2024. Banken si obligasjonsportefølje utgjør kr. 279,9mill.

Likviditeten er hovudsakeleg plassert i renteberande verdipapir, innskot i større bankar og i Norges Bank. Verdipapirplasseringane er i stat, kommunar og obligasjonar med fortrinnsrett. Dei aller fleste obligasjonane banken eig har flytande rente. Bankens kortsiktige likviditetsrisiko målt ved LCR var 385 % (246 %), og den langsiktige likviditetsrisikoen målt ved NSFR var 136 % (132 %).

Soliditet

Eigenkapitalen er på kr. 494,9 mill. kr. pr. 30.09.2024 som utgjør 13,10 % av forvaltningskapitalen

Pr. 30.09.2024 har banken ei kapitaldekning på 22,98 % (21,32 %), og rein kjernekapitaldekning på 18,61 % (17,00 %).

Konsoliderte tall per 30.09.2024, som tek omsyn til eigarskap i Eika Boligkreditt AS og Eika Gruppen AS, syner ei kapitaldekning på 22,74 % (21,21 %), og ei rein kjernekapitaldekning som utgjør 18,52 % (16,93 %).

Rekneskapan er ikkje revidert, og overskotet hittil i år er ikkje inkludert i kapitaldekningsberekningane. Styrkinga skuldast som nemnt i førre kvartalsrapport 3 orsakar. Nytt regelverk for kapitalvekter av landbrukseigedommar og tilhøyrande kvalitetskontrollar har saman med ei minking i kredittforringa portefølje bidratt til å redusere det risikovekta berekningsgrunnlaget.

Eigenkapitalavkastinga etter skatt er på 7,95 % mot 8,20 % pr. 30.09.2023.

Risikovurdering

Kredittrisiko og likviditetsrisiko er dei mest vesentlege risikoområda for Ørskog Sparebank.

Kredittrisikoen for tap på utlån, plasseringar og garantiar blir framleis vurdert som låg, samstundes som banken sine individuelle nedskrivningar på utlån blir vurdert som tilfredsstillande ut i frå risikoen og utviklinga i låneportefølja. Banken søker å ha ein moderat risikoprofil. Det er lagt opp til tett oppfølging og kontinuerleg overvaking av engasjementa.

Kredittrisikoen blir mellom anna overvaka ved at styret jamleg går gjennom rapportar om misleghald og overtrekk på konti og lån. Konsentrasjonsrisiko er risikoen banken har for at eitt eller fleire engasjement kan bli mislighaldt på grunn av negativ utvikling hos ein større kunde eller ein heil næringssektor.

Ørskog Sparebank har eit bevisst forhold til diversifisering av utlånsportefølja kring bransjar, pant og storleik på enkeltengasjement. Banken søker å diversifisere mellom dei ulike segmenta og å unngå risiko i bransjar der ein ikkje har nok kompetanse eller er usikre på den generelle framtidige risikoen.

Banken har risiko for endringar i marknadsverdi på portefølja av obligasjonar og sertifikat som følgje av generelle endringar i kredittspreader. Det er etablert risikorammer som sikrar at porteføljen er diversifisert mot utstedarar, sektorar og geografiske områder. Marknadsrisikoen i portefølja skal være låg og portefølja skal ha høg likviditet. Hovuddelen av portefølja skal kunne nyttast som sikkerheit for lån i Norges Bank.

Utviklinga så langt og utsiktene for resten av året

Nyheitsbiletet er framleis prega av geopolitisk uro. I Noreg er det statsbudsjettet, skattepolitikk og ulike meiningar om og når eit eventuelt rentekutt kan kome som står høgt på agendaen. Gjeldsveksten målt ved SSB sin K2 indikator syner eit fall i låneopptak i Noreg. I kvartalet har banken erfart ein auka etterspurnad etter lån, og antal bustadovertakingar er aukande.

Banken lever av å gje kundane gode råd, og brukar mykje tid på grundige analyser av tilbakebetalingsevne i samband med lånesøknadar. Auka levekostnadar og eit rentenivå vi ikkje har sett sidan 2008, gir framleis fleire avslag på lånesøknadar frå nye og eksisterende kundar enn tidlegare.

Marknadssituasjonen med inflasjon og eit relativt sett høgt rentenivå har ikkje gitt dei store utslaga i banken sin porteføljekvalitet. Med unntak av ein skilde sektorar som bygg & anleggsgnæringa, er kapasitetsutnyttinga i næringslivet høg og arbeidsløysa er framleis låg.

Aukande marknadsrenter har styrka banken sin rentenetto, og det er framleis stor konkurranse om kundane, både når det gjeld utlån, innskot og forsikring.

Styret meiner banken har ein sunn utlånsvekst, og styret vurderer at banken sin marknadsposisjon er styrka gjennom den siste tida. Resultatet for 2024 vil bli betre enn i 2023 og med banken sin solide eigenkapital og ein strategi om å vere ein nær og tilgjengeleg lokalbank, ventar styret at banken vil kunne oppretthalde ein god marknadsposisjon i tida framover.

Stadfesting frå ansvarlege personar.

Styret og banksjef har den 09.11.2024 handsama og godkjent delårsrekneskapen for 3. kvartal for Ørskog Sparebank per 30.09.2024. Etter styret og dagleg leiar sin beste overtyding, er delårsrekneskapen for 3. kvartal 2024 utarbeidd i samsvar med gjeldande rekneskap standardar. Opplysningane i rekneskapen gjev eit rett bilete av banken og konsernet sine eigendelar, gjeld og finansielle stilling og resultat som heilskap per 30.09.2024.

Etter styret og dagleg leiar si beste overtyding gjev delårsrekneskapen for 3. kvartal ein rettvise oversikt over viktige hendingar i rekneskapsperioden. Etter styret og dagleg leiar si beste overtyding gjev også delårsrapporten ei beskriving av dei mest sentrale risikofaktorane banken står ovanfor i neste rekneskapsperiode.

Ørskog, 09.11.2024

Torstein L. Stavseng
Styreleiar

Arne Jan Sollied
Nestleiar

Hans Fredrik Furstrand
Styremedlem

Siw Pek
Tilsette sin repr.

Ingegjerd Eidsvik
Styremedlem

Silje Bruun Teigen
Styremedlem

Eirik Kavli
Banksjef

Resultatregnskap

| Resultat | Note | 2024 | 2023 | 2024 | 2023 | 2023 |
|---|------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| | | 01.07-30.09 | 01.07-30.09 | 01.01-30.09 | 01.01-30.09 | 01.01-31.12 |
| <i>Ordinært resultat - Tall i tusen kroner</i> | | | | | | |
| Renteinntekter fra eiendeler vurdert til amortisert kost | | 50.837 | 43.726 | 149.143 | 116.407 | 164.437 |
| Renteinntekter fra øvrige eiendeler | | 3.875 | 3.472 | 11.634 | 8.944 | 12.909 |
| Rentekostnader og lignende kostnader | | 32.006 | 24.954 | 94.903 | 65.148 | 93.632 |
| Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter | | 22.707 | 22.244 | 65.873 | 60.203 | 83.715 |
| Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester | | 4.758 | 4.295 | 14.204 | 13.795 | 18.104 |
| Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester | | 471 | 251 | 2.046 | 976 | 1.527 |
| Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter | | 22 | 24 | 2.345 | 3.707 | 3.707 |
| Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter | 9 | -277 | 166 | 526 | 1.160 | -1 |
| Andre driftsinntekter | | 120 | 148 | 472 | 408 | 545 |
| Netto andre driftsinntekter | | 4.152 | 4.382 | 15.500 | 18.094 | 20.828 |
| Lønn og andre personalkostnader | | 7.541 | 6.981 | 20.380 | 17.496 | 25.199 |
| Andre driftskostnader | | 5.641 | 5.559 | 16.862 | 19.131 | 26.925 |
| Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle eiendeler | | 513 | 461 | 1.518 | 1.305 | 1.730 |
| Sum driftskostnader | | 13.694 | 13.001 | 38.761 | 37.933 | 53.854 |
| Resultat før tap | | 13.164 | 13.625 | 42.612 | 40.364 | 50.689 |
| Kreditttap på utlån, garantier og rentebærende verdipapirer | 7 | 2.137 | 5.540 | 1.894 | 6.190 | 5.843 |
| Resultat før skatt | | 11.027 | 8.086 | 40.718 | 34.174 | 44.846 |
| Skattekostnad | | 2.829 | 2.020 | 9.641 | 7.585 | 10.214 |
| Resultat av ordinær drift etter skatt | | 8.198 | 6.066 | 31.078 | 26.589 | 34.632 |

Utvidet resultat - Tall i tusen kroner

| | | | | | | |
|---|---|-------------|----------|---------------|---------------|--------------|
| Estimatendringer knyttet til ytelsesbaserte pensjonsordninger | | | | | | -686 |
| Verdiendring egenkapitalinstrument til virkelig verdi over utvidet resultat | 9 | -509 | 0 | -4.592 | -1.592 | 5.829 |
| Skatt | | | | | | 172 |
| Sum poster som ikke vil bli klassifisert over resultatet | | -509 | 0 | -4.592 | -1.592 | 5.315 |

| | | | | | | |
|----------------------|--|--------------|--------------|---------------|---------------|---------------|
| Totalresultat | | 7.689 | 6.066 | 26.486 | 24.997 | 39.947 |
|----------------------|--|--------------|--------------|---------------|---------------|---------------|

| Resultat Konsern | Note | 2024 | 2023 | 2024 | 2023 | 2023 |
|---|--------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| | | 01.07-30.09 | 01.07-30.09 | 01.01-30.09 | 01.01-30.09 | 01.01-31.12 |
| <i>Ordinært resultat - Tall i tusen kroner</i> | | | | | | |
| Renteinntekter fra eiendeler vurdert til amortisert kost | | 50.241 | 43.110 | 147.358 | 114.614 | 161.656 |
| Renteinntekter fra øvrige eiendeler | | 3.875 | 3.472 | 11.634 | 8.944 | 13.279 |
| Rentekostnader og lignende kostnader | | 32.006 | 24.954 | 94.903 | 65.148 | 93.632 |
| Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter | | 22.110 | 21.629 | 64.088 | 58.411 | 81.303 |
| Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester | | 4.758 | 4.296 | 14.204 | 13.795 | 18.104 |
| Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester | | 471 | 251 | 2.046 | 976 | 1.527 |
| Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter | | 22 | 23 | 2.345 | 3.707 | 3.707 |
| Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrum Note 9 | | -277 | 166 | 526 | 1.160 | -1 |
| Andre driftsinntekter | | 1.178 | 1.324 | 3.954 | 3.986 | 5.241 |
| Netto andre driftsinntekter | | 5.209 | 5.558 | 18.983 | 21.672 | 25.524 |
| Lønn og andre personalkostnader | | 7.540 | 6.981 | 20.440 | 17.556 | 25.259 |
| Andre driftskostnader | | 5.896 | 5.919 | 17.750 | 20.128 | 28.380 |
| Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle eiendeler | | 980 | 932 | 2.921 | 2.719 | 3.615 |
| Sum driftskostnader | | 14.416 | 13.833 | 41.111 | 40.404 | 57.254 |
| Resultat før tap | | 12.903 | 13.354 | 41.960 | 39.679 | 49.573 |
| Kreditttap på utlån, garantier og rentebærende verdipapirer | Note 7 | 2.137 | 5.540 | 1.894 | 6.190 | 5.843 |
| Resultat før skatt | | 10.766 | 7.814 | 40.067 | 33.489 | 43.730 |
| Skattekostnad | | 2.829 | 2.020 | 9.641 | 7.585 | 10.214 |
| Resultat av ordinær drift etter skatt | | 7.937 | 5.794 | 30.426 | 25.904 | 33.516 |

Utvidet resultat - Tall i tusen kroner

| | | | | | | |
|--|--|-------------|----------|---------------|---------------|--------------|
| Estimatendringer knyttet til ytelsesbaserte pensjonsordninger | | | | | | -686 |
| Verdiendring egenkapitalinstrument til virkelig verdi over utvidet re Note 9 | | -509 | 0 | -4.592 | -1.592 | 5.829 |
| Skatt | | | | | | 172 |
| Sum poster som ikke vil bli klassifisert over resultatet | | -509 | 0 | -4.592 | -1.592 | 5.314 |

| | | | | | | |
|----------------------|--|--------------|--------------|---------------|---------------|---------------|
| Totalresultat | | 7.429 | 5.794 | 25.834 | 24.312 | 38.831 |
|----------------------|--|--------------|--------------|---------------|---------------|---------------|

Resultat etter skatt

| | | | | | | |
|---|--|--------------|--------------|---------------|---------------|---------------|
| Majoriteten sin andel av resultatet i perioden | | 8.005 | 5.865 | 30.596 | 26.083 | 34.094 |
| Minoriteten sin andel av resultatet i perioden | | -68 | -71 | -170 | -179 | -578 |

Totalresultat

| | | | | | | |
|--|--|--------------|--------------|---------------|---------------|---------------|
| Majoriteten sin andel av totalresultatet i perioden | | 7.497 | 5.865 | 26.004 | 24.491 | 39.409 |
| Minoriteten sin andel av totalresultatet i perioden | | -68 | -71 | -170 | -179 | -578 |

Balanseoppstilling

Balanse - Eiendeler

| Tall i tusen kroner | Note | 30.09.2024 | 30.09.2023 | 31.12.2023 |
|---|---------|------------------|------------------|------------------|
| Kontanter og kontantekvivalenter | | 81.195 | 80.549 | 80.304 |
| Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner | | 34.418 | 2.893 | 10.773 |
| Utlån til og fordringer på kunder til amortisert kost | 5, 6, 7 | 3.234.846 | 3.057.863 | 3.135.958 |
| Rentebærende verdipapirer | 9 | 279.976 | 289.236 | 291.429 |
| Finansielle derivater | | 853 | 1.155 | 984 |
| Aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter | 9 | 118.162 | 109.195 | 117.990 |
| Eierinteresser i konsernselskaper | 3 | 7.400 | 8.500 | 7.400 |
| Varige driftsmidler | | 14.493 | 13.997 | 14.364 |
| Utsatt skattefordel | | 2.693 | 3.849 | 2.693 |
| Andre eiendeler | | 3.828 | 4.300 | 2.648 |
| Sum eiendeler | | 3.777.863 | 3.571.537 | 3.664.543 |

Balanse - Gjeld og egenkapital

| Tall i tusen kroner | Note | 30.09.2024 | 30.09.2023 | 31.12.2023 |
|--|------|------------------|------------------|------------------|
| Innlån fra kredittinstitusjoner | | 107.237 | 126.107 | 162.190 |
| Innskudd fra kunder | | 2.749.827 | 2.618.318 | 2.652.747 |
| Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer | 10 | 353.637 | 302.680 | 302.972 |
| Annen gjeld | | 17.317 | 12.522 | 18.396 |
| Pensjonsforpliktelser | | 3.813 | 3.995 | 3.813 |
| Forpliktelser ved skatt | | 10.633 | 7.474 | 10.137 |
| Andre avsetninger | | 233 | 1.531 | 1.579 |
| Ansvarlig lånekapital | 10 | 40.242 | 40.241 | 40.242 |
| Sum gjeld | | 3.282.939 | 3.112.867 | 3.192.077 |
| Opptjent egenkapital | | 423.847 | 392.080 | 432.466 |
| Fondsobligasjonskapital | | 40.000 | 40.000 | 40.000 |
| Periodens resultat etter skatt | | 31.078 | 26.589 | 0 |
| Sum egenkapital | | 494.924 | 458.669 | 472.466 |
| Sum gjeld og egenkapital | | 3.777.863 | 3.571.537 | 3.664.543 |

Balanse - Eiendeler Konsern

| Tall i tusen kroner | Note | 30.09.2024 | 30.09.2023 | 31.12.2023 |
|---|--------------|------------------|------------------|------------------|
| Kontanter og kontantekvivalenter | | 81.195 | 80.549 | 80.304 |
| Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner | | 34.418 | 2.893 | 10.773 |
| Utlån til og fordringer på kunder til amortisert kost | Note 5, 6, 7 | 3.196.992 | 3.018.259 | 3.096.704 |
| Rentebærende verdipapirer | Note 9 | 279.976 | 289.236 | 291.429 |
| Finansielle derivater | | 853 | 1.155 | 984 |
| Aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter | Note 9 | 118.162 | 109.195 | 117.990 |
| Varige driftsmidler | | 57.199 | 59.677 | 58.472 |
| Utsatt skattefordel | | 2.693 | 3.849 | 2.693 |
| Andre eiendeler | | 5.101 | 5.738 | 4.087 |
| Sum eiendeler | | 3.776.589 | 3.570.550 | 3.663.436 |

Balanse - Gjeld og egenkapital Konsern

| Tall i tusen kroner | | 30.09.2024 | 30.09.2023 | 31.12.2023 |
|--|---------|------------------|------------------|------------------|
| Innlån fra kredittinstitusjoner | | 107.237 | 126.107 | 162.190 |
| Innskudd fra kunder | | 2.749.432 | 2.616.613 | 2.651.213 |
| Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer | Note 10 | 353.637 | 302.680 | 302.972 |
| Annen gjeld | | 17.723 | 13.444 | 19.458 |
| Pensjonsforpliktelser | | 3.813 | 3.995 | 3.813 |
| Forpliktelser ved skatt | | 10.633 | 7.474 | 10.137 |
| Andre avsetninger | | 233 | 1.531 | 1.579 |
| Ansvarlig lånekapital | Note 10 | 40.242 | 40.241 | 40.242 |
| Sum gjeld | | 3.282.950 | 3.112.084 | 3.191.604 |
| Opptjent egenkapital | | 420.964 | 389.818 | 396.549 |
| Fondsobligasjonskapital | | 40.000 | 40.000 | 40.000 |
| Periodens resultat etter skatt | | 31.078 | 26.589 | 33.516 |
| Ikke kontrollerte interesser | | 1.597 | 2.059 | 1.767 |
| Sum egenkapital | | 493.639 | 458.466 | 471.832 |
| Sum gjeld og egenkapital | | 3.776.589 | 3.570.550 | 3.663.436 |

EIGENKAPITALOPPSTILLING

EIGENKAPITALOPPSTILLING - MORBANK

| Tall i tusen kroner | Innskutt egenkapital | | Opptjent egenkapital | | Sum egenkapital |
|---|----------------------|-------------------|--------------------------------|-----------|-----------------|
| | Fonds-obligasjon | Sparebankens fond | Fond for urealiserte gevinster | Minoritet | |
| Egenkapital 31.12.2023 | 40.000 | 405.322 | 27.144 | | 472.466 |
| Resultat etter skatt | 2.777 | 28.300 | | | 31.078 |
| Verdiendring på finansielle eiendeler over utvidet resultat | | | -4.592 | | -4.592 |
| Totalresultat 30.09.2024 | 2.777 | 28.300 | -4.592 | | 26.486 |
| Utbetaling av gaver | | -1.250 | | | -1.250 |
| Utbetalte renter hybridkapital | -2.777 | | | | -2.777 |
| Egenkapital 30.09.2024 | 40.000 | 432.372 | 22.552 | | 494.925 |
| | | | | OK | |
| Egenkapital 31.12.2022 | 40.272 | 375.138 | 21.550 | | 436.960 |
| Resultat etter skatt | | 26.589 | | | 26.589 |
| Verdiendring på finansielle eiendeler over utvidet resultat | | | -1.358 | | -1.358 |
| Totalresultat 30.09.2023 | 0 | 26.589 | -1.358 | | 25.232 |
| Utbetaling av gaver | | -1.100 | | | -1.100 |
| Utbetalte renter hybridkapital | | -2.150 | | | -2.150 |
| Andre egenkapitaltransaksjoner | -272 | | | | -272 |
| Egenkapital 30.09.2023 | 40.000 | 398.477 | 20.193 | | 458.670 |

EIGENKAPITALOPPSTILLING - KONSERN

| Tall i tusen kroner | Innskutt egenkapital | | Opptjent egenkapital | | Sum egenkapital |
|---|----------------------|-------------------|--------------------------------|--------------|-----------------|
| | Fonds-obligasjon | Sparebankens fond | Fond for urealiserte gevinster | Minoritet | |
| Egenkapital 31.12.2023 | 40.000 | 402.921 | 27.144 | 1.767 | 471.832 |
| Resultat etter skatt | 2.777 | 27.819 | | -170 | 30.426 |
| Endring i utsatt skatt estimatavvik | | | -4.592 | | -4.592 |
| Totalresultat 30.09.2024 | 2.777 | 27.819 | -4.592 | -170 | 25.834 |
| Utbetaling av gaver | | -1.250 | | | -1.250 |
| Utbetalte renter hybridkapital | -2.777 | | | | -2.777 |
| Egenkapital 30.09.2024 | 40.000 | 429.490 | 22.552 | 1.597 | 493.639 |
| Egenkapital 31.12.2022 | 40.272 | 373.274 | 21.550 | 2.345 | 437.441 |
| Resultat etter skatt | | 26.083 | | -179 | 25.904 |
| Verdiendring på finansielle eiendeler over utvidet resultat | | | -1.358 | | -1.358 |
| Totalresultat 30.09.2023 | 0 | 26.083 | -1.358 | -179 | 24.546 |
| Utbetaling av gaver | | -1.100 | | | -1.100 |
| Utbetalte renter hybridkapital | | -2.150 | | | -2.150 |
| Andre egenkapitaltransaksjoner | -272 | | | | -272 |
| Egenkapital 30.09.2023 | 40.000 | 396.107 | 20.192 | 2.166 | 458.466 |

NØKKELTAL

| | 3. kvartal | 3. kvartal | Året |
|--|------------|------------|-----------|
| <i>Nøkkeltall er annualisert der annet ikke er spesifisert</i> | 2024 | 2023 | 2023 |
| Resultat | | | |
| Kostnader i % av totale inntekter (eskl. VP) | 49,38 % | 51,66 % | 53,41 % |
| Andre inntekter i % av totale inntekter (eskl. VP) | 16,09 % | 18,01 % | 16,98 % |
| Innskuddsmargin hittil i år | 1,20 % | 1,48 % | 1,48 % |
| Utlånsmargin hittil i år | 1,39 % | 1,25 % | 1,28 % |
| Netto rentemargin hittil i år | 2,37 % | 2,31 % | 2,37 % |
| Egenkapitalavkastning ¹ | 7,95 % | 8,20 % | 9,64 % |
| ¹ Basert på totalresultat, egenkapitalen er justert for hybridkapital | | | |
| Balanse | | | |
| Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen | 22,22 % | 22,76 % | 23,37 % |
| Andel lån overført til EBK - kun PM | 28,19 % | 29,07 % | 28,38 % |
| Innskuddsdekning | 84,69 % | 85,23 % | 84,22 % |
| Innskuddsvekst (12mnd) | 5,02 % | 6,84 % | 6,54 % |
| Utlånsvekst (12 mnd) | 5,69 % | 5,01 % | 8,98 % |
| Utlånsvekst inkl. EBK (12 mnd) | 4,79 % | 8,43 % | 8,38 % |
| Gjennomsnittlig forvaltningskapital (GFK) | 3.695.967 | 3.485.845 | 3.532.260 |
| Gjennomsnittlig forvaltningskapital (GFK) inkl. EBK | 4.664.431 | 4.447.958 | 4.494.267 |
| Nedskrivninger på utlån og mislighold | | | |
| Resultatførte tap i % av gjennomsnittlig brutto utlån | 0,08 % | 0,28 % | 0,26 % |
| Tapsavsetninger i % av brutto utlån | 0,37 % | 0,47 % | 0,44 % |
| <i>Nøkkeltall er annualisert der annet ikke er spesifisert</i> | 2024 | 2023 | 2023 |
| Soliditet¹ | | | |
| Ren kjernekapitaldekning | 18,52 % | 16,93 % | 18,08 % |
| Kjernekapitaldekning | 20,58 % | 19,07 % | 20,31 % |
| Kapitaldekning | 22,74 % | 21,21 % | 22,59 % |
| Uvektet kjernekapitalandel | 9,22 % | 9,02 % | 9,22 % |
| ¹ Inklusiv konsolidering av samarbeidsgrupper | | | |
| Likviditet | | | |
| LCR | 385 | 246 | 170 |
| NSFR | 136 | 132 | 134 |

NOTE 1 – Generell informasjon

Ørskog Sparebank vart skipa i 1857. Banken tilbyr innskot, utlån og betalingsformidling samt tilhøyrande banktenester for personmarknaden Noreg og for bedriftsmarknaden på indre Sunnmøre og kring Ålesund.

Bankens hovudkontor har besøksadresse 6240 Ørskog.

Banken har notert obligasjonsgjeld på Nordic ABM på Oslo børs og har utstedt fondsobligasjonar. Banken har ikkje utstedt eigenkapitalbevis.

Denne regnskapsrapporten gjelder frå 01.januar til 30.sept 2024. Rekneskapen er presentert i norske kroner, og alle tal er vist i heile tusen, om ikkje anna er oppgitt.

Rekneskapen pr 3. kvartal 2024 ble godkjend av styret 09.11.2024

NOTE 2 – Regnskapsprinsipp

Delårsrapport pr. 30. september 2024 er utarbeidt i samsvar med IAS 34 delårsrapportering og årsrekneskaps-forskrifta. Delårsrapporten skal lesast med relasjon til siste årsrapport pr 31.12.2023.

Delårsregnskapet er ikkje revidert og overskotet hittil i år er ikkje inkludert i soliditetsberekninga.

Dei same rekneskapsprinsipp og berekningar er følgd i delårsregnskapet som i siste årsregnskap.

Tall i noter er angitt for bank viss ikkje anna er presisert i den enkelte note.

Det vert vist til årsrapporten for 2023 for ytterlegare beskriving av IFRS 9 og øvrige rekneskapsprinsipp.

NOTE 3 – Dotterselskap / Tilknytt selskap

Ørskog Sparebank eig 73,91 % av aksjane i Sjøholt Næringsbygg. Eigarskapet er eit resultat av ei restrukturering som var ferdig i 2021 der kapitalutviding samt konvertering av gjeld til eigenkapital vart gjennomført. Dette vart gjort for å ta vare på verdien som ligg i ein langsiktig leigeavtale med Ålesund kommune. Banken har ikkje intensjon om å vere langsiktig eigar i eigendommen.

NOTE 4 – Transaksjoner med nærstående parter

Innskot og utlån, samt transaksjoner mellom nærstående har same vilkår som overfor eksterne tredjeparter.

| | 30.09.2024 | 30.09.2023 |
|----------------------|------------|------------|
| Renteinntekter | 1784,7 | 1792 |
| <i>Balanseposter</i> | | |
| Eiendeler: | | |
| Utlån | 37.854 | 39.604 |
| Ubenyttet kreditt | 0 | 0 |
| Garantier | 0 | 0 |
| Gjeld: | | |
| Innskudd fra kunder | 395 | 1705 |
| Kortsiktig gjeld | 0 | 0 |

NOTE 5 – Kredittforringa engasjement

| Mislighold over 90 dager | 3. kvartal | 3. kvartal | Året |
|--|---------------|--------------|--------------|
| | 2024 | 2023 | 2023 |
| Brutto misligholdte engasjement - personmarkedet | 1.368 | 2.407 | 2.212 |
